



## Møteprotokoll

---

**Utval:** Kontrollutvalet  
**Møtestad:** Volda Rådhus, Voldsfjorden  
**Dato:** 29.04.2022  
**Tid:** kl 10.30 - 12.50

---

### Fremmøtte

Inge Aleksander Bruheim  
Jørgen Holte  
Ragnhild Folkestad  
Solfrid Oline Førde  
Inghild Liv Remøy

### Representerer

MDG

### Funksjon

nestleiar  
medlem  
medlem  
leiar  
medlem

### Forfall

Inger Gjengedal Håvik

### Representerer

SP

### Varamedlem

Reidun Heimen  
Heltne

### Representerer

### Andre som møtte

Vest kontroll  
Jostein Støylen, Dagleg leiar.

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS  
Halldis Moltu, Oppdragsansvarleg revisor.

Volda kommune  
Rune Sjurgard, Kommunedirektør.  
Sølvi Dimmen, Ordførar.  
Kari-Mette Sundgot, Økonomisjef.

## Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Arkivsaksnr.</b>
PS 01/22	Godkjenning av innkalling og sakliste	22/1405
PS 02/22	Godkjenning av protokoll	22/1405
PS 03/22	Orienteringar	22/1405
PS 04/22	Gjennomgang av møteprotokollar	22/1405
PS 05/22	Referatsaker	22/1405
PS 06/22	Vedtaksoppfølging for kontrollutvalet	22/1404
PS 07/22	Revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon 2021 Volda kommune	22/1408
PS 08/22	Rekneskap med årsmelding 2021	22/1410
PS 09/22	Volda Utvikling AS – oppstart og organisering	22/1412
PS 10/22	Saker til eventuell seinare behandling	22/1405

Volda, 03.05.2022

Solfrid Oline Førde  
Leiar i kontrollutvalet

## **PS 01/22 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Vedtak:**

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste.

### **Dagleg leiar si tilråding:**

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste.

## **PS 02/22 Godkjenning av protokoll**

### **Vedtak:**

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå siste møtet.

### **Dagleg leiar si tilråding:**

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå siste møtet.

## **PS 03/22 Orienteringar**

### **Vedtak:**

Kontrollutvalet trekker saka.

### **Behandling:**

Det var ikkje saker til orientering.

### **Dagleg leiar si tilråding:**

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende.

## **PS 04/22 Gjennomgang av møteprotokollar**

### **Vedtak:**

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

### **Dagleg leiar si tilråding:**

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

## **PS 05/22 Referatsaker**

### **Vedtak:**

Referatsaker vart samrøystes tekne til vitande.

## **PS 06/22 Vedtaksoppfølging for kontrollutvalet**

### **Vedtak:**

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

### **Dagleg leiar si tilråding:**

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

## **PS 07/22 Revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon 2021 Volda kommune**

### **Vedtak:**

Ut frå dei opplysningane som er mottekne og kjende, har Kontrollutvalet ikkje merknader til revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon for revisjonsåret 2021.

### **Dagleg leiar si tilråding:**

Ut frå dei opplysningane som er mottekne og kjende, har Kontrollutvalet ikkje merknader til revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon for revisjonsåret 2021.

## **PS 08/22 Rekneskap med årsmelding 2021**

### **Vedtak:**

1. Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2021 datert 12.04.2022
2. Kontrollutvalet meiner at kommunen sin årsrekneskap kan godkjennast. Årsrekneskapen viser netto driftsresultat (overskot) på kr 20 932 509. Rekneskapen er sett saman av:
  - balanse per 31.12.2021
  - oversikt over løyvingar til drift og investering
  - økonomisk oversikt drift
  - oversikt over samla budsjettavvik og årsoppgjersdisposisjonar
  - notar medrekna samandrag og viktige rekneskapsprinsipp
3. Kontrollutvalet har ikkje merknadar til administrasjonen sin omtale av dei lovpålagde krava i årsmeldinga.

### **Behandling:**

Kommunedirektør Rune Sjugård og økonomisjef Kari-Mette Sundgot orienterte og svarte på spørsmål.

### **Dagleg leiar sitt forslag til uttvale til kommunestyret:**

1. Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2021 datert 12.04.2022
2. Kontrollutvalet meiner at kommunen sin årsrekneskap kan godkjennast. Årsrekneskapen viser netto driftsresultat (overskot) på kr 20 932 509. Rekneskapen er sett saman av:
  - balanse per 31.12.2021
  - oversikt over løyvingar til drift og investering
  - økonomisk oversikt drift
  - oversikt over samla budsjettavvik og årsoppgjersdisposisjonar
  - notar medrekna samandrag og viktige rekneskapsprinsipp

3. Kontrollutvalet har ikkje merknadar til administrasjonen sin omtale av dei lovpålagde krava i årsmeldinga.

## **PS 09/22 Volda Utvikling AS – oppstart og organisering**

### **Vedtak:**

1. Kontrollutvalet tek saka frå sekretariatet med den informasjonen som ligg der til etterretning.
2. Kontrollutvalet føreset at selskapet si meldeplikt i høve til Føretaksregisteret blir oppfylt når det gjeld vedtak om signatur.
3. Kontrollutvalet viser til saksutgreiinga og rapporten og konstaterer nokre manglar. Utvalet føreset at desse blir retta så langt råd.
4. Kontrollutvalet ber generalforsamlinga ved leiar (ordførar) om rask tilbakemelding om påpeika feil er oppretta.
5. Kontrollutvalet sender saka over til kommunestyret som må ta standpunkt til om kontrollutvalet skal gjere vidare kontroll i saka.

### **Behandling:**

Ordførar Sølvi Dimmen, kommunedirektør Rune Sjurgard og økonomisjef Kari-Mette Sundgot møtte. Under drøftingane sette Jørgen Holte fram sitt forslag til vedtak.

### **Forslag til vedtak, foreslått av Jørgen Holte,**

1. Kontrollutvalet viser til tilsende dokument om etablering og drift av selskapet Volda utvikling AS.

Kontrollutvalet har som oppgåve å føre kontroll med at vedtak kommunestyret gjer vert iverksett i samsvar med gjeldande lovverk og regelverk som gjeld. Kontrollutvalet vil understreke at selskapsetablering er regulert av ei rekkje ufråvikelege formelle reglar. I det høve har kontrollutvalet bedt om å få innsyn i Volda utvikling AS sin skipingsprotokoll, protokoll frå generalforsamlingar, eigarmøteprotokoll, styreprotokoll og anskaffingsprotokollar som er gjort mellom styre i selskapet og personlege heileigde selskap til styrets medlemmer. Som støtte for gjennomgang av disse spørsmåla har Vest kontroll ved dagleg leiar Jostein Støylen og juridisk rådgiver og advokat Kjetil Kvammen levert ein rapport 22.april basert på avgrensa undersøking av oppstart og drift av selskapet.

Med bakgrunn i dei mange opplysningane som er innhenta avdekker kontrollutvalet svikt i utførelsen av etablering og drift av selskapet. Spesielt framstår handteringa av spørsmålet knytt til habilitetsreglane i anskaffingsregelverket og i aksjelova som ustødig og mangelfull. Der styret både er bestiller og utfører,- og om løyve til det er gitt av generalforsamlinga som i dette tilfelle,- fritar det ikkje styret frå konkurransekrevet når ein gjer avtale om innleige av styremedlemmer.

Kontrollutvalet er usikker på om kommunestyret har meint at styret i Volda utvikling AS står fritt til å fastsette tidsforbruket til 800 timar pr. styremedlem pr. år til ein verdi av 1.250.000 i tillegg til styregodtgjering, utan å dokumentere avgjerds måte og tilrettelegginga av slik avtale. Kontrollutvalet registrerer og at Vest kontroll sin rapport tolkar desse kontraktene slik at prisen gjeld samla for alle avrop under rammeavtalen, medrekna oppsjonsåret. Dette synest å ikkje vere avklara frå generalforsamlinga i selskapet.

2. Ut frå det som er lagt fram av opplysningar, og som går fram av 35 vedlegg om selskapet Volda utvikling AS si etablering og drift, bed kontrollutvalet om at det snarast blir iverksett ein forvaltningsrevisjon av selskapet.

Etter ein del drøftingar sette dagleg leiar fram eit forslag til endring i høve si opprinnelege tilråding. Då med endring av punkt 1, samt nye punkt 4 og 5. Framlegget blir då:

**Dagleg leiar si nye tilråding, foreslått av Jostein Støylen,**

1. Kontrollutvalet tek saka frå sekretariatet med den informasjonen som ligg der til etterretning.
2. Kontrollutvalet føreset at selskapet si meldeplikt i høve til Føretaksregisteret blir oppfylt når det gjeld vedtak om signatur.
3. Kontrollutvalet viser til saksutgreiinga og rapporten og konstaterer nokre manglar. Utvalet føreset at desse blir retta så langt råd.
4. Kontrollutvalet ber generalforsamlinga ved leiar (ordførar) om rask tilbakemelding om påpeika feil er oppretta.
5. Kontrollutvalet sender saka over til kommunestyret som må ta standpunkt til om kontrollutvalet skal gjere vidare kontroll i saka.

Leiaren sette fram forslag om pause i forhandlingane/drøftingane som vart vedteke.

Når møtet var sett igjen, sette leiaren fram forslag om prøverøysting som vart vedteke.

Forslaget frå Jørgen Holte og det nye forslaget frå dagleg leiar vart sett opp mot kvarandre i røystinga. Desse røysta for forslaget frå Jørgen Holte: Jørgen Holte, Ragnhild Folkestad og Inge Alexander Bruheim. Desse røysta for det nye forslaget frå dagleg leiar: Solfrid Førde, Inghild Remøy og Reidun Heimen Heltne.

I fall dette var endeleg avrøysting ville forslaget frå dagleg leiar få fleirtal i og med at leiar i kontrollutvalet Solfrid Førde si dobbeltstemme avgjer.

Endeleg avrøysting. Forslaget frå Jørgen Holte og det nye forslaget frå dagleg leiar vart sett opp mot kvarandre. Avrøystinga fekk då slikt utfall: Desse røysta for forslaget frå Jørgen Holte: Jørgen Holte, Ragnhild Folkestad og Inge Alexander Bruheim. Desse røysta for det nye forslaget frå dagleg leiar: Solfrid Førde, Inghild Remøy og Reidun Heimen Heltne.

I og med at leiar Solfrid Førde stemte for det nye forslaget frå dagleg leiar vert dette vedteke.

**Dagleg leiar si opprinnelege tilråding:**

1. Kontrollutvalet tek saka frå sekretariatet med den informasjonen som ligg der til etterretning, og ser saka som avslutta.
2. Kontrollutvalet føreset at selskapet si meldeplikt i høve til Føretaksregisteret blir oppfylt når det gjeld vedtak om signatur.
3. Kontrollutvalet viser til saksutgreiinga og rapporten og konstaterer nokre manglar. Utvalet føreset at desse blir retta så langt råd.

## **PS 10/22 Saker til eventuell seinare behandling**

### **Behandling:**

Det kom ikkje fram opplysningar som gav høve til vedtak i saka.